



UTTALE FRÅ ÅRSMØTET I NATURVERNFORBUNDET HORDALAND 25.03.2023:

Oppdrettsnæringa må styrast av dei folkevalde

Til: Vestland fylkesting

Kopi til: Pressa

Oppdrettsnæringa har ei enorm påverknad i fylket vårt. Svært mange meiner noko om den, men ingen veljarar kan påverka saka på vanleg, demokratisk vis. Fylkespolitikarane har i utgangspunktet stor makt til å styra oppdrettsnæringa, men dei har gjeve frå seg ansvaret til forvaltinga. Kontroversielle saker om oppdrett blir avgjort av byråkratar, og er ikkje på sakskartet hos dei folkevalde i Fylkestinget. Dette er djupt udemokratisk, og Naturvernforbundet Hordaland oppmodar politikarane til å ta makta tilbake. Dei blir valde for å ta ansvar og fatta avgjerder, og kan ikkje setja ei så stor og konfliktskapande næring vekk til byråkratiet. Vedtak om oppdrettsnæringa i Vestland, må fattast etter open debatt, og ikkje i dei lukka romma.

Med venleg helsing
Naturvernforbundet Hordaland sitt årsmøte 2023

Kontaktpersonar for pressa:

Leiar Tom Skauge
Tom.Skauge@hvl.no | 916 06 803

Leiar i Naturvernforbundet Nordhordland Jan Nordø
jnordo@broadpark.no | 926 43 518